

11.03.2024

Spørsmålet om gjenbruk og renovasjon

Nokre moment med utgangspunkt i:

- Notat om avfallssortering og levering til avfallsstasjonar (bransjeforeninga Om att (13.09.2019).
- Søknad frå Gjenbruken Kristiansund til ReMidt IKS (manglar dato).
- Søknad frå Gjenbruken Orkland til ReMidt IKS (08.09.2021).
- Eigne vurderingar og tankar.

* Gjenbrukskonseptet er ei motvekt mot bruk og kast-mentalitet. Verksemda vår er med og stimulerer til å nå dei berekraftsmåla som FN har sett. Gjenbruken Volda ynskjer å oppfylle grøne mål, norske og internasjonale.

* Gjenbruken Volda har om lag 35 medarbeidarar. I Elvegata 7 vert det kvar veke året rundt gjort ein arbeidsinnsats som svarar til omlag 160 timar, eller rundt 4,25 årsverk, alt er dugnad. Dei som er med på dette er ulike, men i sum representerer dei ein unik kompetanse og innsatsvilje. Og kjeda vi er med i – NLM Gjenbruk – har strenge retningslinjer, slik at kundane våre skal ha fyrsteretten på alle varer.

* Det er fint å oppleve at folk er glade for at Gjenbruken kan ta imot det dei har til overs eller vil kvitte seg med. Mange gjev uttrykk for von om at varene dei leverer må bli til gagn og glede for andre. Også butikken si målsetjing høyrer vi positive ord om. Mest varer vert leverte rett til lageret vårt eller henta av oss, men miljøboksene våre i Ørsta og Volda gjev oss også mykje.

* Overskotet i NLM Gjenbruk passerte i fjor 47 millionar kroner. Dette går til humanitære og diakonale prosjekt i regi av Misionssambandet i ei rekkje land. Sjå www.gjenbruken.no /skole /helse /vann

* Gjenbruken Volda er ein mellomstor butikk i NLM Gjenbruk-kjeda, som i alt tel 35 butikkar. Den førebelse rekneskapen for Volda i 2023 syner eit overskot på 969 282 kroner. Omsetjinga var på vel 2,4 millionar. Av utgiftspostar kan vi nemne -nedskrivningar, -husleige, -straum, -leige av verktøy, inventer og driftsmateriell, -rekneskap, -telefon og breiband, -bilutgifter, -forsikring, -renovasjon m.m. Det ser ut til at renovasjonskostnaden vår var på 61 559 kroner i fjor. – Om det også skulle vore betalt løn (i staden for dugnaden), ville vi hatt millionunderskot.


* Arbeidet vårt går ut på å sortere varene som kjem inn, setje dei stand – og selje dei. Sett i miljøperspektiv er gjenbruk av klede og tekstilar ekstra viktig, sidan dette reduserer det vanskelege tekstilsøppelet. I 2023 selde Gjenbruken Volda tekstilar for 884 710 kroner. Om vi i tillegg tek med at vi årleg eksporterer fleire tonn med tekstilar gjennom NLM Miljø AS, kjem miljøgevinsten endå klarare fram.

* Men ein del av det vi får inn må skrotast. Kanskje er det for dårleg, eller kanskje vert det liggjande i butikken utan at nokon ser seg nytte i det. – Då kjem spørsmålet om renovasjonskostnader. Vi kan tenkje: – Når alle husstandar betaler renovasjonsavgiftene sine, så kunne dei levert mykje av det dei kjem til oss med til reinhaldsselskapet gratis. Er det då rett at omvegen dei tek til Gjenbruken – ein omveg som til vanleg reduserer søppelkvantumet – skal føre til ei ny renovasjonsrekning, no for butikken?

* Så langt vi maktar, prøver vi å «sile» det vi får tilbod om å ta inn. Dette for å hindre at vi får for mykje som ikkje let seg selje. Om vi visste vi at ei vare vi var i tvil om ikkje ville føre renovasjonskostnader med seg, kunne vi vore litt mindre strenge. (Likevel vil vi alltid måtte gjere vårt til at nokon skal kunne oppfatte oss som «søppelplass»).

^{ikke}
* I det store, grønne skiftet i samfunnet vårt bør gjenbrukssektoren reknast med som viktig aktør. Vi vil gjerne vere medspelarar som dreg rette vegen både i reinhaldsarbeidet og i miljøarbeidet generelt. Gjenbruken kan vere med og «elske fram» gode haldningar og minske miljøproblem. Kunne vi – og tilsvarande butikkar – bli fritekne frå renovasjonsutgiftene, ville det vere ei stor oppmuntring og hjelp. Gjenbruken Kristiansund, Gjenbruken Orkland og fleire andre i kjeda vår har alt fått slike fritak. Om desse avgjerdene er baserte i reinhaldsselskapa sine føreskrifter, har vi ikkje funne ut av. Kanskje er det ei oppvakning for dei store miljøutfordringane i verda som har skapt den «ånda» som er lagt til grunn? Korleis det enn heng i hop, er inntrykket vårt at fleire og fleire ser at gjenbrukssektoren bør stimulerast, og at dette kan vere eitt av mange tiltak for å oppfylle FN sine berekraftsmål.

For Gjenbruken Volda



Per Ove Aarseth, dagleg leiar

Hva gjør våre medlemsbedrifter for storsamfunnet?

Om avfallssortering og levering til gjenvinningsstasjoner over hele landet.

Kort presentasjon av Omatt:

- Bransjeforeningen har pr. dato 11 ideelle medlemsorganisasjoner.
- Disse driver 122 butikker over hele landet.
- I disse butikkene arbeider det ca. 6200 frivillige.
- Hver for seg er butikkene med på å realisere «Verdens bærekraftsmål» som Norge har forpliktet seg på.
- Bransjeforeninger får driftsstøtte fra staten gjennom Miljødirektoratet.
- Bransjeforeningen har en tilsatt i 40% stilling.

Omatts målsetting er at våre medlemsbedrifter skal få levere varer, slike som ikke kan selges, gratis på gjenvinningsstasjoner over hele landet.

Dette grunngir vi med følgende:

- a. Alle husstander i Norge betaler renovasjonsavgift. Det gjelder også for de fleste fritidsboliger. I prinsippet skal det dekke alle kostnader med nødvendig avfallslevering fra private aktører. Dette er en tjeneste det ikke skal betales for to ganger.
- b. Alle gjenbruksbutikkene, knyttet til Omatt, drives av frivillige medarbeidere. Slik sett er det ingen prinsipielle forskjeller fra å drive loppemarked som får levere gratis det som ikke kan selges.
- c. Gjenbruksbutikkene aktiverer stor innsats fra mennesker i alle aldre, flest eldre. Disse har en varierende grad av restarbeidsevne. Her skapes fellesskap og vennskap, her knyttes sosiale bånd, her inkluderes nye landsmenn og her er det daglig uforpliktende kontakter mellom frivillige og brukere.
- d. I gjenbruksbutikkene realiseres både integrering og inkludering i møte mellom mennesker med ulike kulturer, religioner og livssyn.

- e. Gjenbruksbutikkene tar imot, sorterer og selger videre mange av de varene som har det største miljøavtrykket, nemlig klær! Det blir mer og mer klart at produksjonen av klær må reduseres i stor grad om kloden vår skal reddes! Derfor er gjenbruk umåtelig viktig! Gjenbruksbutikkene er virkelig den store eksponenten for dette.
- f. Gjenbruksbutikkene gjør et svært samfunnsnyttig arbeid ved at de tar avstand fra en «bruk og kast» mentalitet som har vært fremtredende i mange sammenhenger. Her stimulerer disse butikkene til endrede vaner, godt i samsvar med intensjonen i verdens bærekraftsmål fra FN. Her er altså gjenbruksbutikkene en viktig aktør for at vi som nasjon skal kunne realisere våre internasjonale forpliktelser.
- g. En god del av våre gjenbruksbutikker har og et godt lokalt samarbeid med NAV og Kriminalomsorgen. Da kommer mennesker for arbeidstrening eller for at fotlenkesonere skal få et tilbud om en meningsfull soningstid. Det kan meldes om gode tilbakemeldinger.
- h. Overskuddet fra gjenbruksbutikkene går både til nasjonale oppgaver og til internasjonale humanitære og diakonale prosjekter, slik som bygdeutviklingsprogram som omfatter forbedring av primærhelsetjenester, undervisning, vann- og energitilførsel, bedriftsetablering og jordbruksutvikling.
- i. Gjenbruksbutikkene opplever i noen grad at private husholdninger bruker butikkene som om de var en gjenvinningsstasjon. Dette påfører de frivillige i butikkene et stort og unødvendig merarbeid. Når våre frivillige utfører dette sorteringsarbeidet for samfunnet er det rimelig at kommunene verdsetter dette, og ikke krever betaling for de tjenestene gjenbruksbutikkene utfører til beste for samfunnet!
- j. Våre gjenbruksbutikker forplikter seg på at alt som blir levert videre til gjenvinningsstasjoner skal være sortert i samsvar med den standarden de lokale gjenvinningsstasjonene har til enhver tid.

Hamar, 13. september 2019

Magne Rydland
Daglig leder